



Lom



Skjåk

Felleskontor for plan, miljø og byggesak

PLANSTRATEGI FOR SKJÅK KOMMUNE 2020-2023

HØYRINGSUTKAST 09.12.2020

FELLESKONTOR FOR PLAN, BYGGESAK OG MILJØ I LOM OG SKJÅK
AREALPLANLEGGAR ØYVIND PEDERSEN

Innheld

1. Formålet med kommunal planstrategi – prioritering av kommunens planbehov i valperioden ...	2
2. Kommunens plansystem	2
2.1 Kommuneplan	2
2.1.1 Kommuneplanens samfunnsdel	2
2.1.2 Kommuneplanens arealdel.....	3
2.2 Sektorplanar/kommunedelplanar/temaplanar.....	4
2.3 Reguleringsplanar.....	4
3 Overordna føringer som har innverknad på kommunens planbehov.....	4
3.1 Nasjonale forventingar til kommunal planlegging	4
3.2 Regionale føringer og planer (regional planstrategi)	5
4. Interkommunalt samarbeid.....	5
4.1 Regionsamarbeidet i Nord-Gudbrandsdal.....	5
4.2 Felles plansamarbeid Lom og Skjåk.....	5
5 Vurdering av planbehovet.....	5
5.1 Vurdering av planbehovet i forhold til nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging	5
5.1.1 Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling.....	5
5.1.2 Å skape eit berekraftig velferdssamfunn.	6
5.1.3 Å skape eit samfunn med låge utslepp, som er trygt og tilpassa klimaendringane.....	8
5.1.4 Aktiv forvaltning av natur – og kulturminneverdiar.....	9
5.1.5 Ressursbasert næringsutvikling.....	10
5.1.6 Berekraftig areal og transportutvikling.	11
5.1.7 Byar og tettstadar der det er godt å bu og leve.	11
6. Handlingsplan	11
6.1. Kommunale planar	12
6.2. Interkommunale planar.....	13

1. Formålet med kommunal planstrategi – prioritering av kommunens planbehov i valperioden.

Formålet med kommunal planstrategi er å klargjera kva for planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for ein ønska utvikling i kommunen.

§ 10-1 i Plan- og bygningslova av 2008 gjev rammene for kommunal planstrategi:

"Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden."

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves."

Den kommunale planstrategien vil vere eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklare kva planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden for å møte kommunens behov. Eit viktig siktemål er å styrke den politiske styringa av kva planoppgåver som skal prioriterast. Arbeidet med kommunal planstrategi vil gje ein betre og meir systematisk vurdering av kommunens planbehov slik at kommunen betre kan møte dei aktuelle utfordringane.

Forenkla kan ein kalle planstrategien for ein "Plan for planlegginga".

Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal det nye kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast. Planstrategien er også eit eigna verktøy for å vurdere kommunens plansystem, planressursar og samla planbehov i kommunestyreperioden knytt til kommunedelplaner, tema- og sektorplaner/fagplanar.

Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan. Kommunal planstrategi er derfor ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar, men å drøfte utviklingstrekk som samfunn og organisasjon som grunnlag for å vurdere planbehovet i perioden.

2. Kommunens plansystem

2.1 Kommuneplan

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan. Ein samla kommuneplan består av ein samfunnsdel og ein arealdel.

2.1.1 Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal behandle langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon. Den bør innehalde ei omtale og vurdering av alternative strategiar for utvikling i kommunen, kommunen si verksemd og langsiktig arealbehov, og ta stilling kva for strategi kommunen vil leggje til grunn. Formålet med det siste er å

omtale samanhengen mellom dei langsiktige måla og strategiane som blir trekt opp i samfunnsdelen, og dei fysiske konsekvensane.

Kommuneplanens samfunnsdel skal samordne planane til tenesteområda. Den skal gje retningsliner for gjennomføring av mål og strategiar, både i den kommunale verksemda og ved medverknad frå andre offentlege organ og frå private.

Kommuneplanens samfunnsdel 2017-2028 «Innovasjon og tradisjon», vart vedteken av kommunestyret 22.02.2018.

I planen er det laga tre tenkte utviklingsbilde for Skjåk i planperioden:

- Pessimistisk bilde: Folketalet går ned fram mot 2028 - til under 2000 innbyggjarar. Sentralisering av arbeidsplassar held fram og det skjer ei kontinuerleg omstilling i landbruket med reduksjon av bruk og talet på arbeidsplassar. Unge flyttar ut og andelen eldre aukar.
- Nøkternt bide: I 2028 bur det 2200 innbyggjarar i Skjåk. Kommunen har mange som har flytta heim att etter fleire år borte grunna utdanning og arbeid. Næringslivet har fått ei oppblomstring. Vegbygging med nye tunellar mot Vestlandet, har medført auka næringssamarbeid med Vestlandet, auka tilstrømming av turistar og auka hyttebygging.
- Optimistisk bilde: Innbyggjartalet i Skjåk har auka til 2400 innbyggjarar på nivå med folketalet i 2004. Næringsliv og reiseliv blomstrar og landbruket har halde stand og det er auka etterspurnad etter stuttreist mat og høgfjellsprodukt. Vegbygging med nye tunellar mot Vestlandet, har gjort at næringssamarbeid med Vestlandet har auka monaleg.

Ein skriv i planen at faren er at det pessimistiske bildet er realistisk, men det må jobbast mot det optimistiske. I arbeidet med kommuneplanens arealdel har det vore ei målsetting å følgje opp denne målsettinga. Ved utgangen av august 2020 budde det 2197 innbyggjarar i Skjåk.

2.1.2 Kommuneplanens arealdel

Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen som del av kommuneplan (kommuneplanens arealdel). Ein samla arealplan er nødvendig for å sikre ein planlagt og forsvarleg arealutnytting, og for å beskytte areala mot uønskte arealinngrep. Ein arealdel omfattar arealkart, planføresegner, retningsliner og ei planomtale med konsekvensutgreiingar og ROS-analsar.

I tillegg til å ha ein arealplan for heile kommunen, kan kommunen utarbeide kommunedelplaner for delområder, t.d. tettstader. Slike delplaner kan også utarbeidast i form av reguleringsplan (områderegulering).

Arealplanen skal ta for seg hovudtrekka i korleis areala skal brukast, og kva for viktige omsyn som skal takast ved disponeringa av areala (omsynssoner). Samstundes skal arealdelen vera utforma i eit langsiktig perspektiv. Den må derfor vera tilstrekkeleg fleksibel slik at det er mogleg å innpassa nye behov og moglegheiter. Det inneber at kommuneplanens arealdel bør haldast på eit relativt overordna nivå og ikkje ta for seg detaljer, dette gjeld spesielt innanfor arealformål bygg og anlegg.

Planen skal på denne måten omhandle viktige omsyn og forhold som blir lagt til grunn for utforming av planen, og som skal følgjast opp i vidare detaljplanlegging (reguleringsplan), ved enkeltsaksbehandling etter planen og gjennom seinare bruk, skjøtsel og forvaltning av areala.

Kommuneplanens arealdel for Skjåk 2011-20 vart vedteke av kommunestyret i oktober 2011. Planen er under revisjon, og høyringsforslag har vore til offentleg ettersyn og høyring. Revidert plan vil venteleg bli endeleg vedteken av kommunestyret våren 2021.

2.2 Sektorplanar/kommunedelplanar/temaplanar

Skjåk kommune har ei rekke ulike sektorvise planar eller planar for særskilte tema i den kommunale forvaltninga, som t.d. innafor beredskaps- og krisehandtering, naturforvaltning/landbruk, næring, kultur, oppvekst, helse/sosial og trafikksikring. Planane går fram av oversikta til slutten av dette dokumentet. Mange av desse planane trenger revisjon eller nærmere vurdering.

2.3 Reguleringsplanar

Ein reguleringsplan er eit detaljert arealplankart med føresegner for bruk, vern og utforming av areal, bygningar og fysiske omgjevnader. Reguleringsplan skal vedtakast av kommunestyret, men kan utarbeidast av både offentlege og private aktørar.

I kommuneplanens arealdel er det sett krav til utarbeiding av reguleringsplan før tiltak som er utlagt som bygge- og anleggsformål i planen kan bli gjennomført.

3 Overordna føringar som har innverknad på kommunens planbehov

3.1 Nasjonale forventingar til kommunal planlegging

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har utarbeidd *Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging*. Forventingane er utarbeidd i medhald av § 6-1 i plan- og bygningslova, og inngår som ein formell del av plansystemet. Dei vart innført samtidig med nye reglar om regionale og kommunale planstrategiar. Nasjonale forventingar er eitt av fleire verkemiddel i plan- og bygningslova for å formidle og ivareta nasjonale interesser og politikk i planarbeidet, og skal følgjast opp av statlege organ i deira medverknad i planlegginga. På denne måten ynskjer ein å få til eit samanhengande system, der planmyndighetene på alle forvaltningsnivå har ein gjennomgang av mål og strategiar kvart fjerde år. Forventingane er sektorovergripande, og dei gjev rammeverk for lokalforvaltninga som kommunen skal rette seg etter.

I *Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023* legg regjeringa vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Vidare har regjeringa bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid. Det er derfor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

I tillegg til dei nasjonale forventingane har ein ulike statlege planretningsliner og -føresegner som gjev meir detaljerte rammeverk for planlegging i kommunane. Desse vil først og fremst gje seg gjeldande ved utarbeiding av kommuneplanen, så ein går ikkje inn på alle desse her.

Fylkesmannen i Oppland har utarbeidt ”Kommunebilde 2020 – Skjåk». Kommunebildet viser korleis kommunane leverer dei lovpålagte tenestene, sett frå Fylkesmannen sin ståstad. Kommunebildet kan vera ei hjelpe for kommunane i å prioritere nødvendig planlegging.

3.2 Regionale føringer og planer (regional planstrategi)

Regional planstrategi er eit verkty for langsiktig planlegging og skal vere førande for kva planer som skal utarbeidast i perioden for å bidra til god samfunnsutvikling i fylket.

Fylkesutvalet i Innlandet vedtok 26.09.2020 *Innlandsstrategien 2020-2024*

Strategien legger føringer for kva innlandssamfunnet skal satse på de neste fire årene.

Det er spesielt tre områder som blir framheva i strategien og som også får eigne regionale planer:

- Det inkluderande Innlandet
- Samfunnssikkerheit, beredskap og robust infrastruktur
- Klima, energi og miljø

I tillegg er det en del planer frå dei tidlegare fylka som vert vidareført inntil vidare.

4. Interkommunalt samarbeid

4.1 Regionsamarbeidet i Nord-Gudbrandsdal

Kommunane i Nord-Gudbrandsdalen har etablert ulike former for interkommunalt samarbeid. Dette stiller store krav til kommunane når det gjeld felles planlegging. Koordinering av planarbeidet skjer ofte i dei sektorvise 6K samarbeida som er etablert i regionen, eller i vertskommunen for det aktuelle samarbeidet, og kommunestyra får ofte likelydande planer til behandling. Sjølv om tenesteyting er organisert i interkommunale samarbeid, står kommunen likevel ansvarleg for kvaliteten og innhaldet i tenesteytinga. Det er viktig at kommunestyret har eit like aktivt forhold til interkommunale planar som kommunale planar.

Det ville vere tenleg om Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal får utarbeidd ein eigen planstrategi.

Oversikt over interkommunale planar går fram av handlingsplanen til slutt i dokumentet.

4.2 Felles plansamarbeid Lom og Skjåk

Felleskontor for plan, byggesak og miljø for Lom og Skjåk vart formelt i drift frå årsskiftet 2018-2019. Lom kommune er vertskommunen. Frå hausten 2020 er det oppretta ei stilling som beredskapskoordinator som også er del av dette samarbeidet. Når tilsett tenesteleiar er på plass frå januar 2021 vil felleskontoret ha 5 tilsette (4,6 stillingsheimlar).

For planavdelinga har arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin arealdel for Skjåk vore prioritert oppgåve i 2019 og 2020. Arbeidet med utarbeiding av planstrategi ligg også til felleskontoret.

5 Vurdering av planbehovet

5.1 Vurdering av planbehovet i forhold til nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

5.1.1 Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling.

Regjeringa vektlegg kunnskapsbaserte og effektive planprosessar. Det vert peika på at ein må jobbe for å få raskare prosesser for planlegging av bustad, næring og samferdsel.

Regjeringa peikar samstundes på moglegheita kommunen har til å tilpasse planlegginga etter behov. Det skal ikkje vera fleire plannivå enn nødvendig og statlege myndigheter skal ikkje krevje meir omfattande planlegging enn nødvendig.

I Skjåk har det vore laga ein arealdel til kommuneplanen som dekkjer heile kommunen, slik at ein ikkje har kommunedelplaner for særskilte område. Det skulle medføre at ein meir effektiv planprosess og at sikre ei planvurdering av alle område i kommunen i kvar kommunestyreperiode. Rulleringa av kommunedelplanen starta opp allereie i 2016, og har trekt ut i tid meir enn ønskjeleg. Årsaka til dette er både skifte av medarbeidarar, og at kompleksiteten i arbeidet har vorte stadig større - mykje med bakgrunn i sentrale krav og føringar.

Regjeringa legg også vekt på auka bruk av digitale verktøy i planlegginga. Alle planer av nyare dato i Skjåk er på digital form. Alle arealplanar er tilgjengeleg i eit digitalt planregister via kommunen si kartløsing på internett. I samarbeid mellom det regionale kart- og GIS samarbeidet i Nord-Gudbrandsdal og Statens kartverk, er det etablert ei ordning der reguleringsplanar visast i planregisteret både som planforslag underveis i planarbeidet og etter at dei er endeleg vedtekne.

5.1.2 Å skape eit berekraftig velferdssamfunn.

I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging for 2019 – 2023, ser regjeringa planlegginga som viktig reiskap for å skape ei berekraftig samfunnsutvikling, sikre sosial rettferd og sikre god folkehelse.

Sosialt berekraftige samfunn handlar om samfunn prega av tillit, trygghet, tilhøyring og tilgang til godar som arbeid, utdanning og gode nærmiljø. Gjennom sitt planverk kan kommunen legge til rette for ei sosial berekraftig samfunnsutvikling og gode levekår til innbyggjarane.

"Folkehelseoversikt for Skjåk frå mars 2016 – oppsummering, utfordringsbilde, ressurser og status", som er utarbeidet av kommunen, gir ei grundig gjennomgang av dette temaet.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er eit særskilt viktig for å oppnå måla på dette området. Kommuneplanens samfunnsdel 2017-2028 «Innovasjon og tradisjon» behandler i stor grad desse problemstillingane, og gir strategiar og lister opp tiltak som ein ønskjer å setje inn. Skal planlegginga verke, må kommunen fylge opp med tiltak, og det er viktig at dette da blir følgt opp i kommunens økonomiplan og handlingsdelen til denne.

Å skape eit berekraftig samfunn heng også tett saman med befolningsutvikling og alderssamansetning. Ved utgangen av august 2020 budde det 2197 innbyggjarar i Skjåk.

Framskrivngane frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at befolkninga i Norge veks med 11 % fram til 2050, men at denne auka er ujamn fordelt geografisk. Resultatet viser sentralisering, og dette fører til sterk aldring i distriktskommunar som Skjåk.

Folketalet i Skjåk har dei 10 siste åra vorte redusert med om lag 68 innbyggjarar. Ser ein 20 år attende i tid til år 2000, er det ein reduksjon med om lag 190 innbyggjarar.


Framskrivng av folketalet for Skjåk frå SSB (hovudalternativet MMMM) viser at ein kan forventa ein ytterlegare reduksjon med om lag 140 personar fram mot år 2030, og ytterlegare om lag 200 personar fram mot år 2050 (forventa 1861 innbyggjarar).

Framskrivnga av aldersfordelinga av befolkninga i Skjåk (hovudalternativet MMMM) viser at andelen av den yrkesaktive befolkninga går ned med 7,7 % frå 2020 til 2050, medan aldersgruppa 67 år og eldre aukar med 11,4 % i same periode. Prognosene viser at medan det er 2,2 yrkesaktive pr. alderspensionist i 2020, er det 1,4 yrkesaktive pr. alderspensionist i 2050.

Framskriving av aldersfordeling i befolkninga i Skjåk er vist under (kjelde SSB etter hovudalternativet MMMM):

Alder	2020		2030		2050	
	Personar:	Prosent:	Personar:	Prosent:	Personar:	Prosent:
0-5 år	112	5.1	101	4.9	83	4.5
6-15 år	206	9.4	181	8.8	158	8.5
16-19 år	125	5.7	75	3.6	65	3.5
20-66 år	1238	56.3	1090	52.9	905	48.6
67 år eller eldre	516	23.5	613	29.8	650	34.9
<i>Sum:</i>	2197	100.0	2060	100.0	1861	100.0

12882: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter alder og år. Skjåk, Hovedalternativet (MMMM).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Ein forventar at pensjonistane vil vere sprekare i åra framover, men ein kan likevel forvente at helse- og omsorgstenestene bli sterkt utfordra i Skjåk i framtida som følgje av den demografiske utviklinga. Nedgang i folketalet er dessutan ei stor utfordring for kommunen i forhold sentrale overføringer og kommuneøkonomi. Nedgang i folketalet medfører tradisjonelt stor nedgang i statlege overføringer. Å oppretthalde eit tenestetilbod på dagens standard vil derfor vere ei stadig større utfordring for kommunen. Det vil krevje omstilling og planlegging for å førebu desse endringane.

Eit berekraftig samfunn har og samanheng med næringsliv og sysselsetting. I følgje SSB ligg talet på sysselsette som er busette i Skjåk på 976 i 2019. Talet har vore relativt stabilt dei siste åra. Helse- og sosialtenester er den sektor med flest sysselsette i kommunen - med 234 sysselsette. Deretter følgjer bygg- og anlegg (101), industri (100), varehandel /reperasjon av motorvogner (100), undervisning (69) og landbruk (67).

Tala frå NHO sitt kommune-NM viser at Skjåk scorar relativt bra på næringsvariasjon. Skjåk utmerkar seg ved å ha eit ganske stort tal på industriarbeidsplassar og industriverksemder i vekst. Skjåk ligg også over fylkessnittet når det gjeld sysselsettingsgrad på 71,6 % mot gjennomsnittleg 67,7 % på fylkesnivå. Arbeidsledigheita ligg nær fylkesgjennomsnittet (1,9 %), og sjukefråveret er forholdsvis lågt med 4,3 %, (mot gjennomsnittleg 5,2 % på fylkesnivå).

Skjåk ligg også over fylkessnittet når det gjeld privat sysselsetting sett opp mot offentleg sysselsetting, der den private sysselsettinga utgjer 65 % i Skjåk mot gjennomsnittleg 62,4 % på fylkesnivå. I befolkninga i Skjåk er det relativt få med høgare utdanning (om lag halvparten av landsgjennomsnittet), medan Skjåk ligg over det dobbelte av landsgjennomsnittet når det gjeld sysselsette med fagprøve.

Grunnen til at Skjåk likevel kjem därleg ut på kommune-NM er at kommunen har ei negativ utvikling innanfor demografi og befolkningsutvikling. Det er behov for fleire – og attraktive -arbeidsplasser dersom Skjåk skal ha vekst og utvikling. Det er vanskeleg å «rekruttere» nye innbyggjarar m.a. fordi det er vanskeleg å finne relevant arbeid. Nedgangen i talet på arbeidsplassar i landbruket pga. rasjonalisering/mekanisering og endringar av bruksstrukturen har uheldige konsekvensar for sysselsettinga i kommunen. Det er mangel på heiltidsstillingar. Fleire arbeidsplasser med større stillingsdel blir vurdert til å være viktig for å hindre nedgang i folketal, men også for å utjamne sosiale forskellar gjennom å redusere del av hushald med låge inntekter.

Det var i følgje statistikk frå SSB ca. 11 % av befolkninga som høyrer under definisjonen låginntektshushald i Skjåk i 2018 (rekna etter EU-skala 60 %). Om lag 13 % av befolkninga i yrkesaktiv alder (18-67 år) hadde uføretrygd i 2019. Desse tala har vore nokon lunde stabile dei siste 10 åra. Talet på mottakarar av sosialhjelp i kommunen har vorte over halvert dei siste 5 åra, og enda større nedgang er det i andelen av mottakarar med sosialhjelp i 6 månader eller meir.

5.1.3 Å skape eit samfunn med låge utslepp, som er trygt og tilpassa klimaendringane.

I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging peikar regjeringa på at det er viktig å samordne bustad-, areal- og transportplanlegginga, redusere klimagassutsleppa, tilpasse samfunnet til klimaendringane og redusere nedbygging av dyrka mark og natur.

Regjeringa har som mål å redusere ikkje-kvotepliktige klimagassutslepp med minst 45 prosent innan 2030 samanlikna med 2005-nivå og at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Regjeringa har eit klart mål om ei meir berekraftig by- og tettstadutvikling med reduserte klimagassutslepp. Eit tydeleg avgrensa sentrum med bustader, arbeidsplassar, kulturtilbod, handel og andre publikumsretta funksjonar støttar opp under utviklinga av kompakte byar og tettstader med korte avstandar. Det vil i sin tur vere med på å redusere bilbehovet og gjere sentrumsområda meir tilgjengelege for fotgengrarar og syklistar.

Skjåk har ein energi og klimaplan frå 2010. Fokuset, kunnskapsgrunnlaget og problemstillingane knytt til klima og global oppvarming har vorte under stor utvikling sidan den gong. Det er behov for å oppdatere planen, og Skjåk, Lom og Vågå gjekk derfor i 2017 i saman for å lage ein felles klima- og energiplan. Det vart laga eit planprogram for gjennomføring av planarbeidet, men arbeidet stoppa opp pga. at kommunane mangla ressursar for å gjennomføre planarbeidet. Planstrategien legg opp til at arbeidet med planen må takast opp at og sluttførast.

I følgje Klimaprofil for Oppland frå 2016 som er utarbeidd av Norsk Klimaservicesenter, forventar ein at årstemperaturen i Oppland kjem til å auke med ca. 4 °C, og at årsnedbøren aukar med ca. 20 % frem mot slutten av hundreåret. Ein forventar at meir nedbør vil kome som regn, at nedbørintensiteten vil auke på dagar med kraftig nedbør, og at dagar med mye nedbør kjem hyppigare. Temperaturen og nedbøren er rekna å auke mest om vinteren. Det er rekna med ein stor reduksjon i snømengde og i tal på dagar med snø i lågareliggende område. Det er rekna med at det vil bli fleire episodar med smelting om vinteren som følgje av auking av temperaturen.

Klimaprofilen tilseier at det er venta at gjennomsnittleg årleg vassføring i elvane vil auke noko, fordi nedbøren aukar. Det kan medføre auka flaumfare. I Skjåk medfører flaum i hovudvassdraget Ottaelva som er regulert, svært sjeldan fare for liv og helse, men kan medføre stor skade på infrastruktur og at areal og bygningar blir sete under vatn. Det er først og fremst i kommunesenteret Bismo som er utsett for skadar frå flaum i Ottaelva, men også Aurmoen og kringliggende område er utsett. I sidevassdrag, elvar og bekkar som ikkje er regulerte, og som ofte ligg i bratt terreng, kan ein forvente at eit endra klima kan medføre eit auka skadeomfang. Store nedbørsmengder og/eller intenst nedbør, kan medføre at vassføringa i desse kan auke svært raskt. Det kan føre til store skadar på bygg, konstruksjonar og infrastruktur, til jordskred og til erosjonsskadar. Flaum i større sidevassdrag, som Skjøle, Ostre og Tundri, kan rame både bygnad og landbruksareal og medføre store vanskar for kommunikasjon langs veg, straumforsyning og tele- og datatrafikk.

I klimaprofil for Oppland er det også rekna med at klimautviklinga vil kunne gje auka hyppigheit av ras og skred som er blir utløyste av stor nedbør og flaum, og av store snøfall i bratt terreng. Dette gjeld i første rekkje jordskred, flaumskred og sørpeskred. Mykje av bygnaden i kommunen ligg utsett for ras og skred, og ras og skred kan både medføre store materielle skadar og truge liv og helse.

Gjennom si arealplanlegging og byggesaksbehandling, er kommunen forplikta til å ta omsyn til dei varsla klimaendringane. Kommunane skal legge opp til at ny utbygging skal skje utafor område som vil vere utsett for flaum, ras og skred. I kommuneplanens arealdel og i reguleringsplanar, vert areal med fare for flaum, ras og skred avsette som faresoner på plankarta. For eksisterande bygnad og areal som allereie er opparbeide for utbygging, vert det gjort farekartleggingar og vurderingar om det er mogeleg å gjennomføre sikringstiltak for å førebygge mot skadar. For Bismo vert det no gjennomført planarbeid og prosjektering av omfattande sikringstiltak for å unngå større flaumskadar i framtida.

Elles må kommunen ha ein beredskap og beredskapsplanar for å takle og minimere skadar årsaka av naturhendingar - også sett ut frå eit klimaperspektiv.

5.1.4 Aktiv forvaltning av natur – og kulturminneverdiar.

Skjåk har store natur-, frilufts, landskaps og kulturminneverdiar som det er viktig å ta vare på, i tråd med nasjonale og også internasjonale mål.

Regjeringa viser til at arealendringar er den viktigaste påverknadsfaktoren for truga natur og artar i Norge i dag. Ein peikar på at det er viktig at kommunar og fylkeskommunar vurderer verknadane for naturmangfaldet ut frå den samla belastninga. Det blir peikt på at kommunane har eit særleg stort ansvar for å medverke til dette gjennom planlegginga, mellom anna ved å sikre utvalde naturtypar i sine arealplanar.

Regjeringa peikar på at Norge har eit særskilt ansvar for å ta vare på villreinen som ein nasjonal ansvarsart og dessutan ta vare på leveområde for villreinen. Ein peikar på at vassdraga og vassdragsnære område, er utsett for større press, forureining og inngrep. Regjeringa legg vekt på at regionale og kommunale planar tek omsyn til bruks- og verneverdien til vassdraga, og risikoen for flaum, erosjon og skred.

Regjeringa peikar på at fylkeskommunar og kommunar har ei viktig rolle i arbeidet med å ta vare på kulturarven som ressurs for kunnskap, oppleveling, bruk og gjenbruk.

Nesten 80% av Skjåk er verna, og forholdet til natur, kulturmiljø og landskap blir godt ivaretakne av forvaltninga for verneområda. Kommunen har tidlegare kartlagt det biologiske mangfaldet i kommunen. I samband med kommuneplanarbeidet er det laga temakart for kulturminner i utmarka, og kommunen har ein eigen plan for kulturminnevern (frå 2010). Når det gjeld villreinstamma i Skjåk, er denne omfatta av regional plan for Ottadalsområdet.

I arbeidet med kommuneplanens arealdel legg ei stor vekt på å lokalisere bygge- og anleggstiltak, slik at dei kjem i minst mogeleg konflikt med viktige natur- og kulturverdiar. Alle nye bygge- og anleggstiltak vert konsekvensutgreia og vurderte i forhold til naturmangfaldslova. Utvalde naturtypar og leveområde for artar vert lagt inn som omsynssoner på plankartet, og det er knytt planføresegner til desse sonene.

5.1.5 Ressursbasert næringsutvikling.

Regjeringa peikar på at landbruket og utmarksressursane er viktige for mat- og planteproduksjon, busetjing og kulturlandskap, og gir grunnlag for nye, grøne næringar. Stortinget har vedteke eit mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord på landsbasis skal vere under 4000 dekar innan 2020 i samsvar med den oppdaterte jordvernstrategien.

Skjåk kommune har ført ein restriktiv politikk når det gjeld jordvern, og ein ser ikkje for seg større omdisponeringar av dyrka jord utanom det som ligg inne i gjeldande kommuneplan frå 2011.

Regjeringa viser i dei nasjonale forventningane, til at vekst i reiseliv og meir bruk av fritidsbustadar gir grunnlag for lokal vekst og arbeidsplassar. Samtidig vert det peika på at fritidsbustadar og turistmål med stor besøksfrekvens inneber utbygging, transport, ferdsel og slitasje i natur- og friluftsområde. Regjeringa peikar på at det er viktig å ta slike forhold inn i planlegginga og legge til rette for større aktivitet innafor berekraftige rammer. For utbygging av fritidsbustadar peikar ein på:

- Fortetting av eksisterande fritidsbustadområde betyr mindre press på natur- og friluftsområda.
- At det er viktig å unngå etablering av nye hytteområde over skoggrensa av omsyn til friluftsliv, landskap og naturmangfald.
- Det er viktig å bevare større, samanhengande område utan hytter i fjellområda.

Ei fortetting av eksisterande fritidsbustadområde i forhold til å bygge ut nye område i jomfrueleg terren, vil bety mindre arealinngrep. For Skjåk vil fortetting likevel ikkje alltid vere eit verkemiddel på å oppnå nasjonale mål. For område som ligg lengst inne i Breidalen, som t.d. for Breidablikk hytteområde er det langt mellom hyttene, og skulle såleis ligge til rette for fortetting. Omsyn til farene for auka trafikk frå hytteområdet inn i villreinens leveområde, tilseier likevel at ein kanskje ikkje bør legge til rette for auka fortetting her. For fleira av dei "eldre" hytteområda i Skjåk, reiser ønske om standardheving med innlagt vatn og avlaup og veg fram til hytta, problemstillingar/planutfordringar for kommunen. Det er dyrt og krev store naturinngrep og store kostnadars å bygge ut reinseanlegg for avlaupsvatn med lange leidningsstrek, samtidig som drift av reinseanlegg er utfordrande da belastninga ofte er svært ujamn. Løysingar med lokale jordreinseanlegg kan vere mogeleg, men for fleire område er grunnforholda truleg lite eigna for dette. Frå villreinnemnda og regionale styresmakter er det også vore eit ankepunkt, at standardheving av hyttene, vil medføre auka bruk av hyttene og dermed fare for auka trafikk inn i villreinens leveområde.

Skjåk har mineralressursar som kan gi grunnlag for verdiskaping og arbeidsplassar. Regjeringa peikar på at den kommunal planlegging er eit viktig verktøy for å sikre mineralførekommstar som kan vere

aktuelle for framtidige uttak, samtidig som ein tek miljø- og samfunnsomsyn. Ein peikar også på at uttak av byggeråstoff til bygge- og anleggsformål med korte transportavstandar og reduserte klimautslepp er viktig. I Skjåk har det først og fremst vore mangel på byggestein, både større Stein til forbyggingar for flaum- og skredforbygging og mindre Stein til muring og forblending ved byggeverksemd. Skjåk har ikkje hatt ein eigen temaplan for grus- og mineralressursar, men område for slik utnytting blir behandla i kommuneplanens arealdel og i reguleringsplanar.

5.1.6 Berekraftig areal og transportutvikling.

Regjeringa meiner det er viktig å lokalisere hovudtyngda av handelsverksemd, bustadbygging og arbeidsplass- og besøksintensive verksemder innafor tettstadar som er definert avgrensa gjennom kommunal planlegging.

I regional plan for byer og tettstadar i Oppland som vart vedteken i juni 2016, er ikkje Bismo klassifisert som attraktiv tettstad (dvs. regionalt senter eller områdesenter). Tidleg i planfasa for den regionale planen, vart kommunane kalla inn til møte med fylkeskommunen. Bismo var da med som senter i planen. I samband med dette sende Skjåk kommune inn forslag til sentrumsavgrensing. Før planen vart lagt ut til høyring av Bismo teke ut av planen. I den regionale planen var det fokus på å satse på færre tettstader, og planen argumenterer for at kreftene må samlast om færre og større stedar som blir robuste nok til å bli attraktive.

I samband med offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel fremma Fylkesmannen i 2020 motsegn mot at sentrumsområdet i Bismo ikkje var avgrensa i planen. Kommunen har derfor lagt inn ei sentrumsavgrensing i planen som skal ut til 2. gongs offentleg høyring og ettersyn. I forhold til den regionale planen er Bismo å rekna som lokalsenter med noko uklar status i forhold til handlingsdelen i den regionale planen.

5.1.7 Byar og tettstadar der det er godt å bu og leve.

Regjeringa er oppteken av at kommunane utviklar gode verkemiddel for å sikre at alle blir inkludert i skule, arbeids- og samfunnsliv. Kulturlivet og andre former for fritidsaktivitetar er viktige arenaer for kvardagsintegrering og fellesskap basert på mangfold, likestilling, ytringsfridom og toleranse.

Regjeringa har i si melding "Leve hele livet" mellom anna understreke kor viktig det er at kommunane planlegg for aldersvenlege samfunn, og at dei legg til rette for bustadløysingar for eldre personer og personar med nedsett funksjonsevne. Ein peikar på at behovet for omsorgsbustadar og sjukeheimslassar må sjåast i samanheng med utviklinga av bustadmarknaden og tilgangen på tilrettelagde og universelt utforma bustadar. I arealplanlegginga er det viktig å sikre tilgang til parkar og grøne område i tettstadane.

Dette er problemstillingar som i stor grad er behandla i kommuneplanen sin samfunnsdel som vart vedteke i 2018.

Sentrumsplanen for Bismo, er frå 2011, og kan ha trong for revidering etter vedtak av kommuneplanens arealdel (revisjon).

6. Handlingsplan

Handlingsplan i tabellen under, gir ei oversikt over kva for planverk kommunen har og planar for revisjon/rullering av desse. Tabellen viser også interkommunalt planverk der kommunen deltek.

6.1. Kommunale planar

PLAN:	VEDTAK/ REV.ÅR	PLANLAGT REVISJON/VEDTAK AV PLAN			
		2020	2021	2022	2023
Overordna planar					
Kommuneplan samfunnssdel 2017-2028	2018				
Kommuneplan arealdel 2020-2030	2011	Rev.	Rev.		
Økonomiplan	Årleg	Rev.	Rev.	Rev.	Rev.
Beredskap					
Overordna beredskapsplan for Skjåk	2016		Rev.		
Beredskapsplanverk for Skjåk kommune (omfattar ei rekke delplanar)	2015		Rev.	Rev.	Rev.
Naturforvaltning/landbruk					
Utmarksplan	1999				
Forvaltningsplan for hjortevilt 2021-2029	Ny		Vedtak		
Beitebruk og beredskapsplan 2019-2023	2019				
Tettstadsutvikling					
Sentrumsplan Bismo	2011				
Trafikk og transport					
Trafikksikringsplan 2015-2017	2015	Årleg handl.pl	Årleg handl.pl	Årleg handl.pl	Årleg handl.pl
Teknisk drift					
Vedlikehaldsplan VA	Årleg	Rev.	Rev.	Rev.	Rev.
Vedlikehaldsplan kommunale vegar	Årleg	Rev.	Rev.	Rev.	Rev.
Vedlikehaldsplan kommunale bygg og anlegg	Årleg	Rev.	Rev.	Rev.	Rev.
Kultur					
Kulturminnevernplan 2010 -2014	2010		Rev.		
Kommunedelplan for fysisk aktivitet og naturopplevelingar 2014-17	2014	Årleg handl.pl	Årleg handl.pl	Rev.	Årleg handl.pl
Oppvekst (barnehage/skule)					
Plan for inkluderande barnehage og skolemiljø	2021				
Kompetanseutviklingsplan for barnehagane		Rev.	Rev.	Rev.	Rev.
Kompetanseutviklingsplan for grunnskulen		Rev.	Rev.	Rev.	Rev.
Helse/sosial					
Helse- og omsorgsplan 2013-2025	2012		Rev.		
Rus- og kriminalitetsførebyggande handlingsplan for Skjåk kommune (SLT)	2007		Rev.		
Boligsosial handlingsplan 2015-2020			Rev.		
Folkehelseplan (2012-2020)	2013		Rev.		

6.2. Interkommunale planar

PLAN:	VEDTAK/REV.ÅR	PLANLAGT REVISJON/VEDTAK AV PLAN			
		2020	2021	2022	2023
Interkommunale planar					
Fagplan for arbeid med psykisk helse og rus (regional)	2017	Rev.			
Interkommunale ruspolitisk handlingsplan 2016-2020	2016	Rev.			
Handlingsplan kreftomsorgen i Sel, Vågå, Lom og Skjåk	2017				
Handlingsplan og prosedyrar mot vald i nære relasjonar (2014-2017)	2015				
Handlingsplan for førebygging og handtering av hat-kriminalitet, radikalisering og valdeleg ekstremisme (regional)	2017				
Felles flyktingplan for Midt- og Nord-Gudbrandsdal – 2018-2022	2018			Rev.	
Regional plan for klima og energi	2008				
Regional reiselivsstrategi	2012				
Felles risiko - og sårbarheitsanalyse (ROS) for kommunane i Nord-Gudbrandsdalen	2016		Rev.		
Handlingsplan for klima og energi (felles for Vågå, Lom og Skjåk)	2011		Rev.		